



Lisbeth T. Alvær

Dato: 18.12.2017

Vår ref.: 2016/10531-41

Saksbehandlar: rutornh

Dykkar ref.:

Uttale om Radøy bibliotek i mulighetstudie for Manger

Fylkesbiblioteket er bedt om å kome med ei uttale i samband med førebuing av sak om lokalisering av biblioteket som vert skissert i mulegheitsstudien frå Og arkitekter AS.

Forslaget i dokumentet viser mellom anna mogleg bruk av rådhuset på Manger etter kommunesamanslåing med Lindås og Meland, og flytting av administrative funksjonar til Knarvik. Gjennomføring av dette er sett til 1. januar 2020. Biblioteket er teikna inn som brukar av bygninga, samlokalisert med kulturskule, kino, sørivistorg, kafé og kontor.

Det er positivt at biblioteket blir samlokalisert med andre tenester. Det gir meirverdi for biblioteket og funksjonen som møtestad og demokratisk arena, ved at fleire kan oppdage og bruke biblioteket på ein mindre planlagd og meir tilfeldig måte. Det er også positivt at biblioteket blir nytta strategisk i lokal samfunnsutvikling, og for å skape liv og røre i det gamle rådhuset. For å få den ønskja effekten og for å løyse ut det potensialet som ligg i biblioteket, er det naudsynt at lokala biblioteket skal nytta, er hensiktsmessige og tilpassa tenesta.

Fylkesbiblioteket er kjend med at biblioteksjef Anne Elisabeth Waage vurderer det gamle Rema 1000-bygget sentralt på Manger som betre eigna til bibliotekføremål. Vi støttar biblioteksjefen i dette, men uttaler oss her om dei moglegheiter og utfordringar som ei plassering i rådhuset vil gje. Vi vil også kommentere nokre moment knytt til eigna lokale for folkebibliotektenesta på Manger.

Folkebiblioteka har dei siste åra gjennomgått svært store endringar både når det gjeld tenester og funksjon. Dei har endra karakter frå å vere boksamligar til å drive aktiv formidling og bli levande litteratur- og debatthus. Endringa vart stadfesta med endringar i Biblioteklova frå 1. janar 2014. Ein må ha dette i minne når ein skal vurdere eigna lokale for biblioteket på Manger. Ved at folkebiblioteka sitt samfunnsoppdrag er endra, er behov for lokale og plassering av biblioteket også endra.

Strategiplan for Radøy bibliotek slår fast at biblioteket ska vere ein del av Strilabiblioteket til liks med biblioteka i Lindås og Meland. Biblioteket skal vere eit moderne folkebibliotek for ei digital og global tid, og det skal bidra til lokal samfunnsutvikling. Når det gjeld lokalisering av biblioteket, heng dette saman med nokre moment i strategiplanen:

- *Forme Manger som lokalt senter*

Biblioteket skal vere med på å forme Manger som lokalsenter, og det skal ha lav terskel for bruk og god tilgjengeleight. Biblioteket skal vere tilgjengeleg der folk ferdast og der det er enkelt å stikke innom til og frå andre aktivitetar. Lokalisering i rådhuset på Manger vil vere i utkanten av sentrum, slik det ser ut i dag. Dersom ein klarar å skape liv i, utanfor og rundt rådhuset kan det fungere å ha

biblioteket der. Biblioteket kan nettopp bidra til å skape liv i denne delen av sentrum, men det er ein føresetnad at det blir samlokalisert med andre tenester, slik som det er foreslått.

- *Universell tilgjenge og lav terskel for bruk*

Biblioteket er for alle og det er essensielt at det er enkelt å nytte biblioteket sine tenester. Ideelt, bør biblioteket ha lokale rett inn frå gata, slik noko av biblioteklokalet er teikna inn på forslaget. Ein bør tenke biblioteket som eit ope rom, og ikkje som skilde avdelingar (barn, vaksne osb.).

Bygningsmassen og eventuell bærekonstruksjon må derfor tillate at romma kan opnas opp og ikkje måtte vere avstengt til fleire mindre lokale. Biblioteket har behov for eit lokale på 600m² som stadfesta i muligheitsstudien.

I eit moderne bibliotek bør alt materiale vere tilgjengeleg, og lukka magasin er ikkje lenger ønskjeleg. Forslaget om å nytta kjellarareal til bibliotek i rådhuset er ikkje tilrådeleg. Eit mørkt og lite tilgjengeleg lokale har ikkje ha noko plass i eit moderne biblioteklokal. Det ideelle er at biblioteket ligg på eitt plan. Det kan fungere at biblioteket ligg i to plan, sjølv om det vil gje utfordringar når det er ein person på jobb. Det kan måtte tas høgde for auka bemanning. Bibliotek over tre plan vil ikkje kunne fungere.

- *Tilgjengeleg møtestad*

Tilgjenge heng saman med at biblioteket også skal vere ein møtestad for alle i nærområdet. Biblioteklokalet må vere hensiktsmessig for å kunne gjennomføre arrangement, gjerne med ein scene med plass til publikum i forkant. Kafeen som er teikna inn ved sidan av biblioteket i første etasje, bør vere ein del av bibliotektilbodet, gjerne i samdrift med andre funksjonar. Det bør tas høgde for lydisolering mellom biblioteket og andre funksjonar, då bibliotekarrangementa kan bli støyande. Biblioteket er i muligkeitstudien merka som stille del, noko som ikkje samsvarar med moderne bibliotekdrift.

- *Særskilt fokus på barn og unge*

Biblioteket skal ha særskilt fokus på tenester til barn og unge. Bokbussen i Lindås kan bli nytta i heile den nye kommunen, og då er det aktuelt å stasjonere den på Manger. I så fall må det leggjast til rett for dette. Det er viktig at biblioteket er tilgjengeleg der barn og unge faktisk ferdast og i nærleiken til andre aktivitetar. Rådhuset ligg eit stykke frå idrettshallen og ungdomsklubben på Manger. Verken skular eller barnehagar ligg i umiddelbar nærleik. Det er positivt å nytte biblioteket for å skape liv og aktivitet i denne delen av sentrum, men biblioteket aleine kan ikkje klare dette. Samlokalisering med andre tenester som t.d. kulturskule er derfor truleg eit premiss for å få dette til, og ein bør halde fast med dette.

- *Meirope bibliotek*

Strategien stadfester at biblioteket skal bli meir tilgjengeleg for alle brukarar, mellom anna ved å bli meiropen. Meirope bibliotek betyr at tenestene ved biblioteket er tilgjengeleg også utanom bemanna opningstid. Dette legg føringar på teknologiske løysingar både for å låse seg inn i biblioteklokalet og for sjølvbetjent utlån. Det legg i tillegg føringar på utforminga av biblioteklokalet, som må vere mogleg å stenge av frå resten av huset, men samstundes vere tilgjengeleg for bruk også utanom regulær opningstid.

Oppsummering

Etter fylkesbiblioteket si vurdering kan Rådhuset på Manger fungere som biblioteklokal, men med ein del etterhald:

- Det er i samlokalisering med andre tenester at biblioteket kan bidra til liv i huset, og i denne delen av sentrum. Det er derfor viktig at ein heldt fast med dette.
- Biblioteket har behov for eit lokale på 600m², som stadfesta i muligheitsstudien.
- Bærekonstruksjonar i bygget bør tillate at biblioteklokalet kan vere eitt ope rom og ikkje inndelt i fleire mindre rom.
- Ideelt, bør biblioteket vere nærmare barn og unge sine aktivitetar på Manger.

- Biblioteklokalet bør vere på eitt plan, men kan fungere på to. Kjellarlokalet bør ikkje nyttast til bibliotek.
- Biblioteklokalet bør vera eigna for arrangement og ein bør tenke på støyisolering mot andre tenester.
- Kafeen i 1. etasje bør vere ein del av biblioteket, gjerne i samdrift med andre tenester.
- For at biblioteket skal kunne vere meirope, må det vere mogleg å stenge av lokalet frå andre tenester i bygget. Samstundes må det kunne vere tilgjengeleg utanom bemanna opningstid.

Radøy kommune fekk i 2017 tilskot til interiørarkitekt og kr 100 000 i Modellbibliotekprogrammet til Hordaland fylkeskommune. Løyvinga skulle gå til prosjektet «Modernisering og flytting av biblioteket og utvikling av eigen tenesteprofil for Radøy», som skildra i søknad av 28. november 2016. Ambisjonen i søknaden var å skape eit bibliotekrom for barn og ungdom, skape eit fysisk rom (verkstad) i biblioteket der brukarar uavhengig av alder, kan utfolde seg aleine, saman eller i regi av kurs/ felles-aktivitetar. I tillegg ønskte ein å styrke samarbeidet mellom biblioteket og lag, organisasjonar og frivillig sektor i Radøy, å skape ein liten kultursal/møteplass for småskala- arrangement, som vert administrert og brukt av biblioteket, men som også kan nyttast av lag og organisasjonar i lokalmiljøet.

Løyvinga vart gitt før eit endeleg kommunalt vedtak om flytting av biblioteket. Prosjektet på fylkesbiblioteket, som er knytt til løyvinga, blir avslutta i 2017, men vi vil setje løyvinga til Radøy på fond i inntil det blir ei avklaring om føresetnaden for løyvinga blir oppfylt.

Lukke til med vidare arbeid!

Venleg helsing

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør kultur og idrett

Ruth Ørnholz
fylkesbiblioteksjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Kopi til:
Anne Elisabeth Waage